



Luster kommune

Telefon og breibandreglement

Tenestetelefon og breiband

Tildeling og godtgjersle

Sist endra: 01.01.2024

Gjeld frå: 01.01.2024

Innholdsfortegnelse

1. Føremål og ulike ordningar	2
1.1 Føremålet med reglementet	2
1.2 Mynde for ordninga.....	2
1.3. Kven reglementet gjeld for.....	2
1.4 Avtale for tilsette.....	2
1.5 Ordningar.....	2
1.6 Publisering av namn og telefonnummer	2
1.7 Beredskapstelefon.....	3
1.8 Kjøp av telefon.....	3
1.9 Breiband	3
2. Endring i arbeidsforhold	3
2.1 Endring i tilsetjingsforhold	3
2.2 Arbeidstakar sluttar/permisjon	3
3 Tap av/skade på privat mobiltelefon.....	3
4. Heimel og gyldigheit	4
4.1 Aktuelt lovverk for reglementet.....	4
4.2 Gyldigheit	4
4.3 KF (Kommunalt føretak)	4
5. Endring av reglementet.....	4

1. Føremål og ulike ordningar

1.1 Føremålet med reglementet

Føremålet med reglementet er å regulera tildeling av tenestetelefon og godtgjersle for tilsette i Luster kommune. Reglementet skal sikre at dei tilsette får ein mest mogeleg lik handsaming med rom for individuelle tilpassingar, og at godtgjersle og innrapportering er i samsvar med gjeldande skattereglar.

1.2 Mynde for ordninga

Ordning vert innvilga av personalansvarleg for tilsett det gjeld.

1.3. Kven reglementet gjeld for

Reglement gjeld for tilsette i Luster kommune som har behov for telefon for å utføre arbeidet.

1.4 Avtale for tilsette

Alle tilsette som går inn på ei ordning må signere ein avtale som arkiverast i personalmappa.

Unntak: Tilsette med godtgjersle nivå 3 i omsorg, skule, sfo og barnehage.

1.5 Ordningar

1. Tenestetelefon, denne legg ein igjen på arbeidsstad. Kommunen dekker alle utgifter.
2. Privattelefon, tilsett held abonnement sjølv, får godtgjersle, 3 ulike nivå
3. Privattelefon, kommunen held abonnement.

I hovudsak nyttar me ordning 1 og 2. Ordning 3 kan berre nyttast av leiarar med personalansvar, rådmann, ordførar og andre som rådmann meiner har behov ut i frå arbeidsoppgåver.

Me vil ha færrest mogleg kommunale abonnement.

Ulike nivå for godtgjersle

Det er 3 ulike nivå for godtgjersle, dette er for å differensiere mellom enkel og utvida bruk samt arbeidsoppgåvenenes art.

Nivå	Beløp	For kven
1	5000,- pr år*	Alle leiarar med personalansvar med unntak av dei som har ordning 3.
2	3000,- pr år*	Fagansvarleg, nestleiarar, vaktmeistarar og andre ved teknisk drift.
3	1500,- pr år*	Faste tilsette og vikarar (ikkje tilkalling) som nyttar telefon til pålogging med bank-id, bruk av kommunale appar og liknande.

*Beløpa vert justert etter stillingsprosent.

Andre kan vurderast særskild av rådmann, av omsyn til tenesta.

Luster kommune må av skattemessige omsyn melde dette inn månadleg til Skatteetaten.

<https://www.skatteetaten.no/person/skatt/hjelp-til-riktig-skatt/arbeid-trygd-og-pensjon/utstyr-betalt-av-arbeidsgiver/skatt-pa-telefon/>

1.6 Publisering av namn og telefonnummer

Alle ordningar som nemnt over fører til at namn og nummer vert gjort tilgjengeleg for publikum og tilsette.

Unntak: Om publiseringa ikkje er nyttig for publikum og innbyggjarar.

Dette vil til dømes vera tilsette med nivå 3 som ikkje er sakshandsamar eller har anna liknande funksjon.

1.7 Beredskapstelefon

Ein del av einingane i kommunen er pålagt beredskap og kjem ikkje utan vidare inn under reglane for godtgjersle. Dei vert drøfta særskild og vert ikkje omfatta av dette reglementet.

1.8 Kjøp av telefon

Etter særskild avtale, vurdert av rådmann, kan kommunen dekke kjøp av telefon. I hht arbeidsavtalar har ordførar og rådmann slik ordning i dag.

1.9 Breiband

Etter særskild avtale, vurdert av rådmann, kan det ytast ekstra godtgjersle til breiband. I hht arbeidsavtalar har ordførar og rådmann slik ordning i dag. Pr. i dag er beløpet 400,- kr i månaden, 4.800 pr år.

2. Endring i arbeidsforhold

2.1 Endring i tilsetjingsforhold

Når ein arbeidstakar går over i anna funksjon/stilling eller stillinga sine oppgåver og innhald vert vesentleg endra, skal ordninga med tenestetelefon mm. vurderast på nytt av leiar.

2.2 Arbeidstakar sluttar/permisjon

Tenestetelefon

Om ikkje anna tilsett/vikar skal overta tenestetelefonen må denne seiast opp når tilsett sluttar.

Godtgjersle

Kva	Omfang	Konsekvens
Sluttar	Sluttar i stillinga	Godtgjersla skal opphøyre frå sluttdato
Permisjon	Permisjon i heile stillinga	Godtgjersla fell vekk i perioden for permisjon
Permisjon	Permisjon i deler av stillinga	Godtgjersla vert redusert med permisjonsprosenten

Abonnement

Kva	Omfang	Konsekvens
Sluttar	Sluttar i stillinga	Abonnementet skal tilbakeførast til tilsett frå sluttdato
Permisjon	Permisjon i heile stillinga	Leiar skal ta ei vurdering i kvart tilfelle. Abonnementet kan tilbakeførast til den tilsette om permisjonen er lengre enn 1 månad.
Permisjon	Permisjon i heile stillinga, utan løn/utanfor kommunen	Abonnementet skal tilbakeførast til tilsett frå permisjonsstart
Permisjon	Permisjon i deler av stillinga	Ingen endring

Det vil og vera moglegheit for særskild vurdering.

3 Tap av/skade på privat mobiltelefon

Ved tap av/skade på privat mobiltelefon i arbeid/teneste, vil arbeidsgivar ha som utgangspunkt at den tilsette skal haldast skadeslaus.

Syner til:

Retningsliner for erstatning av effektar som vert tapt eller skada i arbeid punkt. 6:

6. Mobiltelefon

6.1 Ved tap av/skade på privat mobiltelefon i arbeid/teneste, vil arbeidsgjevar ha som utgangspunkt at den tilsette skal få dekkast kostnad med ny telefon (same type som den tapte)

4. Heimel og gyldigheit

4.1 Aktuelt lovverk for reglementet

- [A-opplysningslova](#)
- [A-opplysningsforskrifta](#)
- [Skatteforvaltningslova § 7-2, § 7-2-1, § 7-2-2, § 7-2-9](#)
- [Skattebetalingslova § 5-6, § 5-8](#)
- [Skattebetalingsforskrifta § 5-8-14](#)
- [Folketrygdlova § 23-2, § 25-10, § 21-4](#)
- [Statistikklova § 10](#)
- [Skattelova § 5-10, § 5-12](#)
- [Skattedirektoratets skatteforskrift til skattelova § 5-12](#)

4.2 Gyldigheit

Reglement trådde i kraft frå og med 01.01.2007. Det er i revidert utgåve gjort justeringar ift. Den digitale utviklinga og endringar i organisasjonen med verknad frå 01.01.2024.

4.3 KF (Kommunalt føretak)

Reglementet gjeld og KF så framst det ikkje ligg føre vedtak hos KF som seier noko anna.

5. Endring av reglementet

Reglementet kan endrast av administrasjonsutvalet. Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i reglementet på bakgrunn av endringar i lover, forskrifter, skattereglar m.m.